



ARKITEKTHAGEN

Jfr. Adresseliste

Telefon 97 08 61 92
E-post thh@arkitekthagen.no
Web www.arkitekthagen.no
Org nr 918 088 016
Adresse Torget 3
Postnr 3570 Ål

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2024- 001 - THH

Ål: 03.06.2024

KUNNGJERING FOR OPPSTART AV PLANARBEID: DETALJPLAN UTVIDING MASSEUTTAK SPRENTJERN - TURUFJELL.

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-1, § 12-3 og § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljplan for ”*Detaljplan utviding masseuttak Sprentjern - Turufjell*” i Flå kommune. Planarbeidet vert sett i gang på vegne av Turufjell AS og utført av Arkitekthagen AS.

Overordna plan:

Gjeldande reguleringsplanar for område er:

«*Områdeplan for Turufjell*»


vedtatt i kommunestyret sak 57/17 den 17.08.2017, området er sett av med formåla;

- LNF
- Køyreveg
- Annan veggrunn - grøntareal

«*Detaljreguleringsplan masseuttak ved Sprentjern – BKB-*

BSM/BVA/BL Turufjell» vedtatt i kommunestyre sak 27/18 den 31.05.2018, området er sett av med formåla;

- LNF
- Køyreveg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål



Biletet syner planar med avgrensing av planområde i svart

Planområde og formål: Forlagstillar har som mål å fremje detaljreguleringsplan, jf. plan- og bygningslovas § 12-3 for utviding av eksisterande masseuttak ved Sprentjern. Ny plan erstattar dagens plan og delar av områdeplan.

Areal for utviding av eksisterande masseuttak er ikkje avsett i gjeldande kommuneplan. Tiltak er vurderte å ikkje utløyse krav til konsekvensutgreiing etter forskrifta, jf. pkt. 4.1.

Planområde er på om lag 58 daa og ligg vest for Vesleåi innanfor den søre delen av områdeplan for Turufjell på eigedom med gards- og bruksnummer 10/352. Plangrensa følgjer mot sør og aust grense for dagens detaljplan. Mot nord og vest følgjer grensa av eit buffer areal på 40 meter mot ynskt ny uttaksgrense.

Omsøkt arealbruk: Eksisterande masseuttak har vore i drift sidan 2019. Tilgrensande arealbruk er utmark/skog. Uttak av massar i masseuttaket på Turufjell held ein høgare takt enn førespegla i plan og driftsplan. Ein er derfor bekymra for å gå tom for massar før byggeaktiviteten er avslutta.

Framtidig brotkant mot vest følgjer terrenget og vil i snitt ligge på ca. kote + 601 moh. Botn på uttaket er tenkt å følgje dagens botnnivå med +572 moh. Det gjer ei snitthøgde for utvida uttaksområde på ca. 29 m. Uttak av massar i utvidingsområdet er føresett som vidareføring av dagens tradisjonelle driftsmetodar. Førebels berekna uttaksvolum er ca. 348 000 m³ fast fjell. Berekninga tek ikkje høgde for palling, og vil i realiteten ligge noko lågare.

Som del av drift og istandsetjing er det føresett tilrettelegging for mottak, mellomlagring og sortering for gjenbruk av overskotsmassar frå byggje- og anleggsverksemd i område. Dette gjeld reine gravemassar som ikkje påverkar miljøet negativt/medfører forureining. Tilrettelegging av mottak/gjenbruk av massar og uttak av massar kan gje redusert transportbehov ved at lastebilar som leverer overskotsmassar frå byggjeprosjekt også kan ta knuste masse tilbake til anleggsplassen.

Dagens driftsretning og eksisterande tilkomst frå Turufjellvegen/ Sprenåsvegen blir vidareført. Driftstider vil samsvar med dagens krav i reguleringsplan. Skjermingssoner og sikringstiltak er tenkt langs utvida brotområde tilsvarande gjeldande regulering.


Forlagstillar si førebelse vurdering er at tema lista opp under må greiast ut særskilt i planarbeidet i tillegg til vanlege utgreiingstema. Verknad, konsekvens, og tiltak må komme fram av planskildring og ROS- analyse.

Verknad/konsekvens for følgjande tema vil bli særskilt greidde ut i planarbeidet:

- Landskapsomsyn, terrengtilpassing – visuell nær-/fjernverknad
- Klima og miljøomsyn, inkl. omsyn omgivnader støy/støv
- Friluftslivs-folkehelse/interessene til barn og unge
- Samfunnstryggleik - risiko og sårbarheit

Vegen vidare: Planen er no i ei oppstartsfase, då søkjer ein innhenting av relevant informasjon som kan danne grunnlag for planlegging av område. Eventuelle tilbakemeldingar inngår som ein del av denne informasjonen. Alle innspel blir gjennomgått, vurdert og kommentert som ein del av grunnlaget for utarbeiding av reguleringsplanen.

Når planforslaget med; plankart, planomtale og føresegn ligg klart skal administrasjon og politikarar vurdere planen og legge han ut på høyring. Då vil det igjen vere høve til å koma med innspel, no til sjølvplanframlegget. Før kommuna tek stilling til om dei vedtar planen er merknadene frå høyringsperioda gjennomgått, vurdert og eventuelle justeringar av framlegget gjort.



Kart med planavgrensning i svart

Eventuelle merknader og spørsmål til planarbeidet må gjerast innan **05.08.2024** til:

Arkitekthagen AS, Torget 3, 3570 Ål

Kontaktperson: Torstein Haug Hagen - tlf. 97 08 61 92
e-post: thh@arkitekthagen.no

Med venleg helsing
Arkitekthagen AS

T H Hagen

Torstein Haug Hagen
Arkitekt MNAL

Vedlegg:

- Planinitiativ
- Referat frå oppstartsmøte

Adresseliste:

Navn	Adresse
Statsforvalteren i Oslo og Viken	sfovpost@statsforvalteren.no
Statens vegvesen	firmapost@vegvesen.no
Buskerud Fylkeskommune	post@bfk.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
NVE Region Sør	rs@nve.no
Direktoratet for mineralforvaltning	mail@dirmin.no
Direktorat for samfunnsikkerhet og beredskap	postmottak@dsb.no
Hallingdal Kraftnett	firmapost@hallingdal-kraftnett.no
Forum for natur og friluftsliv Buskerud c/o DNT Drammen og Omegn	buskerud@fnf-nett.no
Naturvernforbundet i Hallingdal	hallingdal@naturvernforbundet.no
Flå kommune	postmottak@flaa.kommune.no
Turufjell Vel	post@turufjellvel.no
Steinar Andre Steinarsson jr.	steinarsson@hotmail.no
Ole Knutson Hilde	ole@tko-as.no
Bjørn Ole Hilde	bjorn.ole.hilde@vassfarfjellet.no